



Elevrepresentant Andrea Kvalø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2226 - 19/10211

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

27.03.2019

## Referat frå møte i SU/SMU Knarvik ungdomsskule 26.03.19

Til stade: Elevrepresentant Andreas Wassberg, foreldrerepresentant Unnhild Vassdal, representant andre tilsette (vara) Hans Ketil Porsmyr og rektor Morten Olsen Schulstad

### **Sak 09/2018-19 Godkjenning av innkalling og referat**

Godkjent

### **Sak 02/2018-19 Konstituering av SU/SMU (utsatt sak)**

Elevrepresentant Andrea Kvalø møtte ikkje og kunne difor ikkje veljast. Sak utsatt.

### **Sak 10/2018-19 Elev- og foreldreundersøkinga**

Rektor informerer om korleis dei tilsette har jobba med resultatane. Etter ein grundig prosess har skulen sin plangruppe funne fram til tre emne skulen skal jobbe vidare med. 1) Elevmedvirkning 2) vurderingspraksis og 3) forsterka inspeksjon, særleg i samband med kroppsøving.

### **Sak 11/2018-19 Rapport frå open veke**

Rektor fortel om skulen sin interne evaluering av open veke. Stort sett er alle tilsette svært godt nøgd med veka. Det har blitt meldt eit par område til forbetring, men desse handlar om planleggingsfasen og er å forvente ettersom dette var første gongen skulen gjennomførte opplegget.

Elevrepresentanten var einig i at veka var bra, men melder om at det var enkelte elevar som stakk seg vekk og ikkje deltok. Dette kjentes ikkje rettferdig.

Foreldrerepresentanten melder om at dei føresette var veldig nøgde med konseptet og at open kveld var veldig kjekt. Det er meldt inn ønske om kafé. FAU er utfordra på å lage til dette til neste år.

### **Sak 12/2018-19 Dyrkolbotn (leiropphald for 10. steget)**

Skulen har fått høre frå lærarane at opphaldet på Dyrkolbotn er for dårlig i høve til kostandene.

Elevrepresentanten melder om at det er kjekt på Dyrkolbotn, men at det er for kort tid. Ketil Porsmyr, som har mye av ansvaret for gjennomføringa er einig i at det er for kort tid til opphaldet. Kostnadmessig er det

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



uaktuelt for skulen å utvide opphaldet. Rektor foreslår at Dyrkolbotn går ut og erstattast med ein pott på 5000,- pr. klasse som kan nyttast til sosiale og klassebyggande tiltak. Forslaget er godkjent av SU.

#### **Sak 13/ 2018-19 Resultat av Miljøretta helsevernsgodkjenning/vegen vidare**

Rektor informerar om at skulen er godkjent under føresetnad av at uteområdet utvidast og at skulen lager ein plan for større uønskte hendingar. Eigeomsavdelinga jobbar med korleis ein kan gå fram for å nytte skogen mellom skulen og rådhuset. Ein plan for større uønskte hendingar jobbast med på kommunalt plan.

#### **Sak 14/2018-19 Sakar til avklaring**

Det blir ikkje skidag og vitnemålsutdelinga går som tidligare år.

#### **Møte i skulemiljøutvalet**

#### **Sak 05/2018-19 Erfaringar frå skuledans**

Skuledansen var ei kjekk oppleving for både elevar og foreldrevaktane. Det var nokre få elevar som braut reglane for alkohol, men dei ble oppdaga og utvist. Dette fekk ikkje konsekvensar for gjennomføringa av dansen og langt dei fleste fekk ein god kveld.

#### **Sak 06/2018-19 Oppfølging av sak om uheldig kroppspress**

Elevrådet har kartlagt og diskutert denne problemstillinga. Det er ein del kroppspress på skulen, spesielt i garderoben før og etter kroppsøving. Det går både mellom gutar og jenter og innbyrdes. Elevrådet blir oppfordra på å diskutere saka vidare med tanke på å finne egna tiltak. Skulen vil jobbe med det same.

#### **Sak 07/2018-19 Ymse**

Ingen sakar kom opp.

Referert av underteiknar.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Elevrepresentant (vara) Thea Marie  
Frotjold  
Foreldrerepresentant (vara) Argita  
Lleshi  
Foreldrerepresentant (vara) Beathe  
Nilsen  
Kommunal representant (vara) Dan

**Kopi til:**

Olsen

lærerrepresentant (vara) Astrid

Oma

lærerrepresentant (vara) Jorunn

Margrete Blindheim

Representant andre tilsette (vara)

Hans Ketil Porsmyr

**Mottakrar:**

Elevrepresentant Andrea Kvalø

Elevrepresentant Andreas Wassberg

Foreldrerepresentant Arne

Ramslien

Foreldrerepresentant Unnhild

Vassdal

Kommunal representant Leif Hosøy

Sleire

Lærerrepresentant Marit

Tømmermo

Lærerrepresentant Tone Gunn

Solsvik

Representant andre tilsette

Ingeborg Witsø